



# Attraktivt Midt-Telemark

Bidrag frå ein framtidssverkstad

SOLVEIG SVARDAL OG LARS UELAND KOBRO

TF-notat nr. 17/2009

# TF-notat

Tittel:	Attraktivt Midt-Telemark
	Bidrag frå ein framtidsverkstad
TF-notat nr:	17/2009
Forfatter(e):	Svardal, S. og Kobro, L. U.
Dato:	10. mars 2009
Gradering:	Open
Antall sider:	29
ISBN:	978-82-7401-285-1
ISSN:	0802-3662
Pris:	Kr 150,-
	Kan lastes ned gratis som pdf fra telemarksforskning.no

Prosjekt:	Regionale kulturøkonomiske strategiar for auka attraksjonskraft
Prosjektnr.:	2008 0440
Prosjektleder:	Solveig Svardal
Oppdragsgiver(e):	Telemark fylkeskommune og NFR

## Resymé:

Det er gjennomført ein foresight-prosess i ei gruppe av forvalting, utviklingselskap, politikarar, organisasjonar og næringsliv i Midt-Telemark. Etter å ha identifisert viktige drivkrefter og greidd ut 4 alternative framtidsbilete, havna prosessen i gruppa på eit ønska framtidsbilde med arbeidstittel Edens hageby. I etterkant av verkstaden er desse bearbeidd til strategiar og tiltak innafor tre hovudsatsingsområde; Arealbruk og transport, Grønn bustadutvikling og Liv i og mellom husa.

Telemarksforskning, Boks 4, 3833 Bø i Telemark. Org. nr. 948 639 238 MVA

# Føreord

På oppdrag frå Midt-Telemark Næringsutvikling har Telemarksforsking vore fasilitator for ein foresight-prosess (framtidsverkstad) i perioden januar – mars 2009. Føremålet har vore å teikne opp eit framtidsbilde av regionen og skissere strategiar for å kome dit, med særleg fokus på bustadutvikling, transport og profilering.

Arbeidet er ein del av prosjektet Regionale kulturøkonomiske strategiar for auka attraksjonskraft, som er ein del av VRI Telemark.

I dette notatet presenterer vi resultata. Til slutt trer vi, etter samråd med oppdragsgjevar, ut av fasilitatorrolla og gjer eit forsøk på å strukturere dei føreslegne strategiane og tiltaka, samt skisserer kva som trengst av nye analysar og kartleggingar for å kome nærmare eit ønska framtidsbilde.

Bø, 10. mars 2009

Solveig Svardal

Prosjektleiar



# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>7</b>
<b>1. Framtidsverkstaden.....</b>	<b>9</b>
1.1 Oppdraget .....	9
1.2 Foresight – kva er det? .....	10
1.3 Opplegg for framtidsverkstaden Midt-Telemark .....	11
1.4 Framtidsbilete .....	13
<b>2. Strategiar for eit attraktivt Midt-Telemark .....</b>	<b>17</b>
<b>Referansar.....</b>	<b>29</b>



# Samandrag

Det er gjennomført ein foresight-prosess i Midt-Telemark som ein del av eit forprosjekt som skal bidra til å utvikle eit meir attraktivt Midt-Telemark. Etter å ha identifisert viktige drivkrefter og greidd ut 4 alternative framtidsbilete, havna prosessen i gruppa på eit ønska framtidsbilde med arbeidstittel Edens hageby. I etterkant av verkstaden er biletet bearbeidd, med strategiar og tiltak innafor tre hovudsatsingsområde.



ProsesSEN er gjennomført med eit halvdags oppstartseminar, og to lønsj-til-lønsj-samlingar, med deltakarar frå forvalting, utviklingsselskap, politikarar, organisasjonar og næringsliv i Midt-Telemark.

Det valde framtidsbiletet er kjenneteikna ved:

- > Mykje folk – stor innflytting, landsbystruktur – ein eller fleire økolandsbyar.
- > Midt-Telemark kommune har plassert seg på kartet – folk veit kor det er, og dei kjem dit!
- > Det blir bygd eksperimentelt, kunnskapsbasert, innovativt, men med respekt for tradisjonar.

- › Kunnskap, teknologi og praksisfeltet blir utvikla innanfor eit klyngefellesskap. *Norwegian Centre of Expertise in Sustainable Housing* (NCE-SH) er etablert i Midt-Telemark kommune. HiT veks med ein tydeleg profil: miljøteknologi, miljøbygging, miljø- og kulturvern.
- › Stor innpendling frå Grenland, Drammen og Oslo. Placement har suksess. Miljønøytrale bilar eller kollektivtrafikk. Toget kjem fort og ofte. Sosiale spenningar, ”Telemarkskuluren” blir vatna ut, mange ergrar seg over det.
- › Eit internasjonalt miljø, men med enklavar av tradisjonell bygdekultur i grender og ”utkantar”. Stor kommersiell opplevingsnærings knytt til jakt, friluftsliv, naturbruk, reiseliv.

Etter at framtidsverkstaden er avslutta trer vi, etter avtale med oppdragsgjevar, ut av fasilitatorrolla og bearbeider strategiar og tiltak på grunnlag av diskusjonar i tre arbeidsgrupper. Vi foreslår følgjande tre overordna satsingsområde:

**AREALBRUK OG TRANSPORT:** Det overordna grepet er grøn fortetting. All utvikling / utbygging skal skje gjennom styrking av eksisterande sentra, eventuelt eksisterande husklynger. Eksisterande sentra skal styrkast som knutepunkt for kollektivtrafikk.

**GRØNN BUSTADUTVIKLING:** Det overordna grepet er økologisk bygging og univer-sell utforming. Framtidsretta bustadutvikling for alle og for miljøet.

**LIV I OG MELLOM HUSA:** Det overordna grepet er mangfold forankra i lokale ressur-sar og sær preg. Dette skal gi verdiskaping på mange plan.

Til slutt gjer vi framlegg om vidare studiar og kartleggingar for å kome nærmare eit attraktivt Midt-Telemark.

# 1. Framtidsverkstaden

Foresight er det engelske samleomgrepet på ei rekke verktøy og arbeidsprosessar som blir bruk i framtidsforsking. I dette tilfellet skulle metoden nyttast for å kome nærmare eit attraktivt Midt-Telemark.



## 1.1 Oppdraget

Som ein del av forprosjektet ”Attraktivt Midt-Telemark” fekk Telemarksforskning i oppdrag å legge til rette for ein framtidsverkstad for sentrale aktørar i regionen. Attraktivt Midt-Telemark skal følgje opp vedtak i MT-rådet april 2008, som prioriterte:

1. ... utvikle bedre kunnskap om hva som virker innenfor boligpolitikk og planlegge og gjennomføre tiltak i tråd med ny kunnskap....
2. ... styrke og utvikle kollektivtilbudene i regionen med vekt på ungdom og arbeidspendligning....
3. ... bli mer synlig for omverdenen....

## 1.2 Foresight – kva er det?

---


Foresight er det engelske samleomgrepet på ei rekke verktøy og arbeidsprosessar som blir brukt i framtidsforskning.

Det er deltakarbaserte, tilrettelagde prosessar med systematisk innsamling av framtidssrelevant kunnskap, og ei utvikling av framtidsperspektiv / visjonar på mellomlang og lang sikt, der målet er å betre grunnlaget for vedtak, og mobilisere til felles handling.

Omgrepet er i ferd med å bli stadig vanlegare også i norsk samanheng. Forskringsrådet har ei eiga temasatsing om Foresight. Også i EU blir det satsa stort på Foresight, mellom anna gjennom det transnasjonale europeisk nettverket ForSociety.

Tradisjonelle plan- og strategiprosessar skapar ofte lite innovasjon. Skal vi skape noko nytt kan det vere lurt å bryte med vanetenkning og rutinar. Ulike foresight-metodar kan brukast i planprosessar og prosjektutvikling for å korrigere for svakeheter ved slik vanetenkning.

Foresightmetodar høver godt i situasjonar der verksemder, organisasjonar, lokal-samfunn eller regionar ønskjer brei forankring og kreative element inn i strategiske prosessar. Foresightmetodikk er også spesielt godt eigna i situasjonar der ein arbeider med komplekse, tverrfaglege samanhengar. - Sjølv om vi ikkje kan forske på framtida, kan vi altså bruke ulike forskingsbaserte modellar og metodar for å førebu oss på den – og i beste fall vere med og forme den.



Illustrasjon: Gangen i foresight-prosessen.

## 1.3 Opplegg for framtidsverkstaden Midt-Telemark

Framtidsverkstaden i Midt-Telemark har følgjande opplegg:

### 1.3.1 Oppstartseminar

Vart arrangert i Bø 18.12.2008, og samla om lag 25 deltagarar. Det var innlegg ved:

Joar Sættem: Økologisk stedsutviklingsstrategi Sauherad - effekt så langt

Solveig Svardal: Berekraft som strategisk grep for regional utvikling

Lars U. Kobro: Orientering om foresight som metode

### **1.3.2 Samling 1: Kreativ framtidsverkstad; drivkrefter og alternative framtidsbilete**

Vart arrangert i Stavern 26.- 27. januar 2009, og samla om lag 30 deltagarar. Som førebuing og grunnlag var det innlegg ved:

Knut Vareide: Status for regionen

Michael Fuller-Gee: Framtidas boliger

Vareide oppsummerer korleis attraktiviteten i regionen kan aukast slik:

- Betre kommunikasjonar som lettar pendling
- Arbeidsplassvekst i regionen og naboregionar
- Stimulere til bustadbygging
- Sosiale møteplassar og kultur

Fuller-Gee oppsummerer utfordringane for framtidsretta bustadbygging slik:

- Fortetting og styrking av sentra
- Universell utforming
- Fleksibilitet
- Miljø- og energivenleg

### **1.3.3 Samling 2: Val av framtidsbilde, strategiar og tiltak**

Samlinga vart arrangert i Morgedal 3. – 4. mars 2009, samla omlag 30 deltagarar. Det var innlegg ved

Solveig Svardal: Kva er (Midt)-Telemark?

Innlegget oppsummerte ei spørjegranskning for å kartlegge assosiasjonar til Midt-Telemark. Denne syner at dei sterkeste assosiasjonane til regionen er

- Natur, - som alle andre i Noreg
- Sær preg knytt til kultur, snø og ski

Samanlikna med tidlegare studiar ser vi no eit sterkare skilje mellom by og land

Midt-Telemark er dårleg kjent, men regionen har mange stader med sær preg som er godt kjende. Kommunenamna er mindre kjende.

## 1.4 Framtidsbilete

Etter å ha identifisert viktige drivkrefter og greidd ut 4 alternative framtidsbilete, havna prosessen i gruppa på eit ønska framtidsbilde med arbeidstittel Edens hageby.

### Djupe globale drivkrefter



- Teknologeutviklinga vil halde fram
- Globaliseringa vil halde fram
- Folkeauken vil akselerere
- Urbaniseringa vil ikkje stanse
- Naturen vil bli meir verd
- Norsk økonomi vil auke sin relative posisjon
- Kunnskap erstattar industri
- og?...

## Drivkreftene kan føre oss fleire stader.....



Illustrasjonar: Djupe globale drivkrefter

Framtidsbiletet Edens hageby er prega av:

- > Mykje folk – stor innflytting, landsbystruktur – ein eller fleire økolandsbyar.
- > Midt-Telemark kommune har plassert seg på kartet – folk veit kor det er, og dei kjem dit!
- > Det blir bygd eksperimentelt, kunnskapsbasert, innovativt, men med respekt for tradisjonar.
- > Kunnskap, teknologi og praksisfeltet blir utvikla innanfor eit klyngefellopp. *Norwegian Centre of Expertise in Sustainable Housing* (NCE-SH) er etablert i Midt-Telemark kommune. HiT veks med ein tydeleg profil: miljøteknologi, miljøbygging, miljø- og kulturvern.

- > Stor innpendling frå Grenland, Drammen og Oslo. Placement har suksess. Miljønøytrale bilar eller kollektivtrafikk. Toget kjem fort og ofte. Sosiale spenningar, ”Telemarkskuluren” blir vatna ut, mange ergrar seg over det.
- > Eit internasjonalt miljø, men med enklavar av tradisjonell bygdekultur i grender og ”utkantar”. Stor kommersiell opplevingsnærings knytt til jakt, friluftsliv, naturbruk, reiseliv.

Etter ein ny kreativ prosess fall den samla gruppa ned på tre hovudinnsatsområde / strategiar:

- > Grønn fortetting
- > Bustadutvikling
- > Sosialt liv og kultur

#### **1.4.1 Strategiar og tiltak slik arbeidsgruppene oppsummerte dei**

Gruppa arbeidde vidare med delstrategiar og tiltak innafor dei tre hovudområda i tre arbeidsgrupper.




## 2. Strategiar for eit attraktivt Midt-Telemark


Med utgangspunkt i det valde framtidsbiletet gruppa identifiserte har vi strukturert strategiar og tiltak innan tre hovudsatsingsområde: Arealbruk og transport, grøn bustadutvikling og Liv i og mellom husa.



Samanhengen mellom framtidsbilete, strategiar og kommunikasjonsplattform:



## Mitt grønne Telemark



**økologisk,  
tett,  
nært og  
nyskapande med  
særprega stader**

## Mitt grønne Telemark



### Hovudsatsingar:

- **Arealbruk og transport**
- **Grønn bustadutvikling**
- **Liv i og mellom husa**

# Arealbruk og transport

Overordna grep:  
**Grønn fortetting**



- All utvikling / utbygging skal skje gjennom styrking av eksisterande sentra, eventuelt eksisterande husklynger.
- Eksisterande sentra skal styrkast som knutepunkt for kollektivtrafikk.

## Grønn fortetting / betyr

- Klare byggegrenser knytt til eksisterande sentra  
(til dømes radius 50 m, vil variere frå stad til stad)
- Stopp av all utbygging utanfor eksisterande sentra eller husklynger
- Krav om bygging etter økologiske prisnipp  
(energi, materialbruk, vatn, avløp, byggeskikk)
- Blanding av funksjonar; næring, bustad, fritid  
(td næringsbygg skal også ha bustad)
- Etablering av og støtte til sosiale og kulturelle møteplassar  
(cafefaktoren)
- Ulike særpreg skal vidareutviklast
- Flytting av publikumsretta offentlege funksjonar til sentra  
(td bibliotek, kulturskule)

## Grønn fortetting / betyr

- Sentra skal vere knutepunkt for kollektivtrafikk
- Sentra skal ha ladestasjonar for el. bilar og framtidsretta miljøvenleg kommunikasjon
- Sentra skal knytast saman med gang- og sykkelnett
- Sentra skal ha bysykkelstasjonar
- Sentra skal ha parkeringsplassar utanfor sentra
- Kollektivtrafikken mellom sentra skal styrkast, også med nye transportmiddelet  
(td minibuss, drosje)
- Kollektivtrafikken til arbeidspendling skal styrkast

## Grønn fortetting / tiltak



### Rettleiar for grønn fortetting

Skal vere førande for  
kommune(del)planar, transportplanar  
og bebyggelsesplanar.


Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnarar: Kommunane

# Grønn bustadutvikling

Overordna grep:

## Økologisk bygging og universell utforming



- Framtidsretta bustadutvikling for alle og for miljøet

## Økologisk bygging og universell utforming / betyr

- Krav til materialbruk (byggeskikk og økologi)
- Krav til energibruk
- Krav til vann og avløp
- Blanding av buformer
- Tilrettelegging for fleksibilitet og endring gjennom livsløp
- Utvikling av fellesfunksjonar knytt til nye bustader  
(gjesterom, hageutstyr, vaskeri med meir)

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



### Felles regional bustadutviklingsplan

Skal ha like stor vekt på bustadtypar og buformer som på ulike behov til ulike grupper  
Skal vere basert på ei villa utvikling, ikkje  
framskriving av dagens situasjon.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnarar: Kommunane

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



### Utvikling av byggeskikkrettleiar for regionen

Dei ulike stadenes sær preg skal takast  
vare på og vidareutviklast

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnar: Arkitektar og  
landskapsarkitektar i regionen

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



PILOTprosjekt for nye  
smarte fleksible bustader for  
Mitt Telemark

Skal utvikle nye bustadtypar tilpassa  
ulike buformer og livsløp for ulike  
grupper, som også kan endrast  
etterkvart som behova endrar seg.

Skal vere tilpassa krav til økologisk  
bygging og Grønn fortetting.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartner: Husbanken

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



PILOTprosjekt for  
alternative buformer på tun  
og gardsbruk

Skal utvikle nye buformer både knytt til  
tomme hus (raude låvar) og nybygg.

Modell: klyngetur / landsby

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartner: Husbanken, UMB,  
arkitektmiljø

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



### Ny bruk av fråflytta hus i sentra

Utvikle gode modellar / døme på ny bruk av fråflytta hus (låvar, lagerbygg, fabrikkbygg).

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnar: Husbanken

## Økologisk bygging og universell utforming / tiltak



### Nye modellar for økologiske bustadområde

Etablering av Økolandsby i Sauherad

Etablering av Grønt bustadfelt

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnar: Husbanken

## Liv i og mellom husa

Overordna grep:

### Mangfold forankra i lokale ressursar og særpreg



- Verdiskaping på mange plan

### Mangfold forankra i lokale ressursar og særpreg / betyr

- Auka aktivitet på fleire arenaer og med fleire aktørar
- Auka lokal foredling av mat
- Styrking av kulturbasert næringsutvikling
- Fleire aktivitetar ut der folk allereie er samla  
(td korøving på aldersheimar, kunstutstilling på kafear)
- Lokalt tilpassa opplegg for kulturskule, den kulturelle skulesekken og den naturlege skulesekken
- Formidling av tradisjonskunst og kultur, vidareutvikling og nyskaping
- Formidling og sal av lokalt handverk og kunst
- Støtte til etablering, vidareutvikling og nytt innhald i møteplassar
- Lokalt handverk og kunst som ressurs for nye næringar

## Mangfald forankra i lokale ressursar og særpreg / tiltak



### Etablering av kulturinkubator i Bø

Eit utviklingsmiljø for nye verksemder innan kultur.

Gir tilgang til kompetanse, erfaring, rådgjeving, rettleiing og verkemiddel som gir raskare vekst for gode forretningsidear.

Ansvar: Fylkeskommunen

Samarbeidspartnarar: MTNU og TF

## Mangfald forankra i lokale ressursar og særpreg / tiltak



### Helse i kultur og kultur som terapi

Integriere kultur i folkehelseprogrammet.

Døme: Den Kulturelle spaserstokken, Kul-tur. Littera-tur

Ansvar: Folkehelsekoordinator

Samarbeidspartnarar: kulturansvarleg i kommunane

## Mangfald forankra i lokale ressursar og særpreg / tiltak



### Felles regional strategi for stadbasert læring

Skal kople kulturlivet med næring,  
folkehelse, reiseliv og skular /  
barnehagar.

Skal vektlegge stadleg særpreg som  
grunnlag for nyskaping.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

## Mangfald forankra i lokale ressursar og særpreg / tiltak



### Kom hit, HiT

Studentar (fleire studieretningar) skal i  
løpet av studietida gjennomgå eit kurs  
med prosjektoppgåve for å skape liv i  
og mellom husa.

Ansvar: Midt-Telemarkrådet

Samarbeidspartnar: HiT

## 2.1 Behov for meir kunnskap

---

For å kome vidare i arbeidet med å utvikle eit attraktivt Midt-Telemark rår vi til følgjande vidare studiar:

- > Kartlegging av møteplassar, kulturaktivitetar og kulturverksemder i regionen
- > Særpregsanalysar for dei ulike tettstadene.
  - o Definere ulike sentra sine særpreg, med hensyn på vidareutvikling og byggjeskikkrettleiing
- > Kartlegging av eksisterande buformer og butilhøve i regionen
  - o (ulike bakgrunnsvariablar; kjønn, alder, utdanning, jobbstad, inntekt)
- > Kartlegging av korleis folk ønskjer å bu
  - o konfrontere respondentar med bildete / illustrasjonar
- > Kartlegging av fortettingspotensiale i sentra i regionen
  - o ledige areal, ledige bygningar, bygningar eigna for transformasjon og påbygg
- > Kartlegging av reisevanar internt i regionen (barn, unge, eldre, fritid, jobb, ulike transportmidde) og ut / inn av regionen (fritid, arbeid)
- > Kartlegging av kva driv folk med ulike delar av veka (jobb, familie / kvardagsliv, urban, friluftsliv, kulturkonsument; Er det same mønster som i den delte matvaremarknaden; billig og enkelt i veka, dyrt og eksklusivt / særprega i helga og til fest)

# Referansar

Fuller-Gee, Michael, 2009: Framtidas boliger. Foredrag.

Kobro, Lars U., 2009: Framtidsverkset for Midt-Telemark. Telemarksforsking.

Railconsult AS, 2008: Mulighetsstudie kollektivtilbud Midt-Telemark

Svardal, Solveig, 2008: Berekraft som strategisk grep for regional utvikling. Telemarksforsking.

Svardal, Solveig, 2009: Kva er Midt-Telemark? Telemarksforsking.

Vareide, Knut, 2009: Midt-Telemark - hva er status for regionen? Telemarksforskning.